



Årsmelding Austevoll Idrettsklubb 2021

Årsmelding for Austevoll Idrettsklubb 2021

Hovudstyret i Austevoll Idrettsklubb er sett saman av valde representantar frå gruppene våre + leiar.

Hovudstyret 2021

Leiar Morten Mortvedt
Nestleiar Torbjørn Karlsen
Anita Aasebø
Ole Inge Møgster
Linn Benedicte Johansen Våge
Hanne Haugland Østervold
Arne Møgster

Varamedlemmer Magdalena Hevrøy Storebø og Geir Johannessen

Valkomiteen: Sigve Drønen - leiar, Ina Tøkje, Katrine D. Ringdal, Kjetil Kolbeinsvik er vararepresentantar.

Kontrollkomiteen: Svein Arne Kalvenes og Irene Kaland, Gunnar Heimark er vararepresentantar.

Revisjon: Advisor Revisjon as-Ann-Mari M. Juvik.

Tilsette i Austevoll Idrettsklubb.

Dagleg leiar Anne Berith Drønen har vore i 100 % stilling og har delteke på hovudlagsmøta. Ho har hovudansvar for drift av klubben og drift av Austevollhallen for Austevoll kommune. I tillegg driftar ho lågterskeltilbod og all idrett.

Annette Horne Tøkje har 30 % stilling i administrasjonen, med ansvar for symjing.

Anders Tøsse har 30 % stilling som administrativ leiar i fotballgruppa, og i tillegg har han 5 % stilling i fotballfritidsordninga (FFO)

Trond Fredrik Ludvigsen har 98% stilling som sportsleg leiar, FFO, storhallprosjektet og er trenar for A-laget. Kjetil Stensland er tilsett i 12 % stilling på A-laget.

I tillegg har fotball og symjing nokre ungdommar som trenrarar på lønningslistene sine.



Medlemmar:

Austevoll Idrettsklubb hadde i 2021 706 medlemmer, dette er ein nedgang på 52 medlemmer. Medlemstalet er avhengig av kva aktivitet dei ulike gruppene har. 2021 vart dessverre også eit år med mange nedstengingar og restriksjonar grunna korona. Mange av våre medlemmer er med i fleire grupper i klubben, noko som er viktig for allsidigkeit.

Av medlemsmassen vår er det ca. 56% menn og 44 % kvinner. Fotballgruppa vår er den største gruppa med 364 medlemmer i 2021.

	0 - 5	6 - 12	13 - 19	20 - 25	26 -	Total
Kvinner	29	166	62	3	48	308
Kjønn	0 - 5	6 - 12	13 - 19	20 - 25	26 -	Total
Menn	27	167	121	14	69	398
						706

Styret og klubben sitt arbeid:

I 2021 var det årsmøte på Teams i tillegg til fysisk oppmøte.

Hovudstyret har i år hatt 6 styremøte. Det vart handsama 45 saker. I tillegg hadde me ei hastesak i sommar som blei handsama på e-mail.

Klubben har i år hatt desse gruppene:

Badminton, Fotball, Klatring, Volleyball, Skøyter, Turn, Symjing, Friidrett og Allidrett/barnetrim.

Fellesprosjekt i Austevoll Idrettsklubb:

Me har jobba med å få drift av klubben betre i samsvar med alle lovar og reglar som gjeld i idretten. Her er målet at me skal drifta klubben i lag, og har i 2021 jobba med «vegen vidare». Det er enno ein del igjen, som me håpar å få ferdig i 2022. I løpet dei siste åra har me fått på plass klubbhandbok, etiske retningsliner og beredskapsplan ved seksuell trakassering. I 2021 har me jobba med HMS plan og økonomihandbok. Alle desse dokumenta skal vera levande dokument.

Klubben har hatt nokre dagar med open hall, men det har vore amputert grunna korona. Her er det stort sett allidretten som styrer, men alle grupper har vore invitert til å delta.



Årsmelding Austevoll Idrettsklubb 2021

Økonomi (med etterhald)

Austevoll Idrettsklubb hadde i 2021:

Driftsinntekter:	kr 5 022 292
Driftskostnader:	kr 4 145 130
Driftsresultat:	kr 877 162
Årsresultat:	kr 832 430

Medlemskontingensten utgjorde kr 962 218 og utgjør ca. 19 % av alle inntekter.

Austevoll Idrettsklubb har eit lån på spelemidlane på Austevollbadet på kr 3 392 000.

Austevoll IK har fått ein del Covid-19 tilskot i 2021 for tapte inntekter. Målet er å byggja klubben opp igjen slik den var før Covid 19.

Anlegg:

I 2021 sto Austevoll Idrettsanlegg for tur til oppgradering. Anlegget ble rehabilitert i 2016, men friidrettsbana ble dessverre aldri slik den skulle vera.

I forkant av tilbodet som starta i 2021 gjorde Austevoll Kommune og kompetente folk i friidrettsmiljøet eit godt forarbeid, som medførte at ein fekk eit god selskap til å utføra arbeidet. Dessverre ble det litt forseinkingar på andre jobbar, slik at ein ikkje fekk ferdigstilt anlegget i 2021. Ein er avhengig av temperatur og fint ver for å legga dekket og målet er no å få ferdig anlegget før påske 2022.

Det var også montert eit nytt lydanlegg på sandvolleyballbanen. Dette var dessverre øydelagd innan kort tid ved hærverk.

Arrangement 2021

26 Mai Austevollmesterskap friidrett
12 og 13 Juni Austevollserien fotball

07.07 Aktiv sommarferie

08.07 Aktiv Sommarferie

9-13 August Fotballskule

26 September- Open hall

23 Oktober Austevoll serien fotball

30 Oktober Open hall

Friidretten fekk arrangert Landslagets friidrettskole med 50 deltakarar på våren. Dei skulle ha hatt ein friidrettskule på hausten og, men pga. av anleggsarbeid blei ikkje denne gjennomført.



Årsmelding Austevoll Idrettsklubb 2021

Friidrettsgruppa fekk heller ikkje gjennomført Austevollsmesterskapet og Austevollsløpet i haust pga. av anleggsarbeid og mangel på frivillige.

Symjestemnet til symjegruppa blei avlyst grunna Covid 19

Fotballgruppa måtte og i år avlysa julacupen.

Velgjerdsarbeid

Klubben har i fleire år gitt vekk klede og utstyr som klubben ikkje har trong for lenger. I år har me gitt til Uganda. Fleire kunne ikkje ta imot i år, for grensene var stengde.

Støttespelarar

Mange verksemder i Austevoll og utanfor er med å støtta vårt arbeid i klubben. Ein del støtter ei gruppe, medan andre støtter alle gruppene våre. Me er takknemleg for alle som hjelper som sponsorar på drakter og klede, som støttar med skiltrekklame, som gjev gåver til klubben, gjev støtte til å dekke lån og avdrag, og dei som sponsrar produkt til våre arrangement.

Alle som tippar kan velja å gi 7 % av omsetninga til ein organisasjon.

Austevoll Idrettsklubb hadde 344 spelarar som støtta klubben i år. Desse pengane går til å vidareutvikla anlegga våre og er tidlegare brukt til friidrettsanlegget, skifta til kunstgras på grasbana, oppgradera klubbhuset og skifte av golv i hallen. Me vil gjerne kunne halda fram med å bruka desse midlane til fellesskapet.

Sparebanken Vest har gjeve rauste utbetalingar frå Covid-19 fondet sitt med støtte til ballmaskin til volleyballgruppa og gāve til allidretten.

I år var det første gong me fekk midlar hos Fana Sparebank, SR-bank og Gjensidige stiftelsen. Alle midlane var øyremerka lågterskeltilbod i kommunen.

Austevoll kommune er og ein god og viktig økonomisk støttespelar for AIK. Me får idrettsmidlar, koronamidlar og andre tilskot ein søker på. Saman jobbar me mykje betre enn kvar for oss.

Gruppene

Turn - Her har me aerobicdamene våre. Nokre spreke damer med lang livserfaring, som veit kor viktig det er å halda seg i form. Desse damene har vore dei som har vore mest råka av Covid 19 i vår klubb, då dei er over 20 år og driv inneidrett i eit kommunalt bygg.

Dei har heldigvis ikkje gitt opp treninga, og starta opp med frisk mot så snart dei fekk lov igjen.

Allidrett 1.- 4. klasse - her er det Hanne Haugland og Anne B. Drønen som har vore trenarar i 2021. Våren 2021 kunne ein berre ha 20 stk. på trening, men på hausten hadde me 33 utøvarar .

Allidretten er eit lågterskeltilbod , der ein får prøva seg på mange forskjellige idrettsaktivitetar.

Barnetrim 0-5 år har og vore mykje stengt grunna Covid 19. Dette er fordi dei kom frå heile kommunen, og at ein då hadde mange kohortar. Ein kan gjerne vera over 50 barn på treninga. Barnetrimmen er i hovudsak frileik der føresette er med. Dei har trening i



Austevollhallen kvar tysdag. Dei som har hatt barnetrimmen i år er Veronika Haugland, Malin Østervold, Christoffer Haugland, Hanne Haugland Østervold og Anne B Drønen

Skøyter- starta med Austevollsprinten på Slåtthaug i januar, dette er ein tradisjon som har vore gjennom mange år. Dei har ingen aktive utøvarar

Friidrettsgruppa har vore ei lita treningsgruppe i 2021. Dei har konkurrert når det opna for dette.

Våren 2021 hadde me Landslagets friidrettskule, der ca. 50 born deltok. Målet er å bli kjent med friidretten. I vår var Austevollsleikane det første stemne. Dette blei veldig populært etter nedstenginga, det hadde då ikkje hadde vore arrangement i lengre tid.

Hausten blei det anleggsarbeid på friidrettsbana og treningstilbudet blei sterkt redusert.

Austevollmesterskapet blei avlyst grunna anleggsarbeid.

Austevolllopet skulle eigentleg ha vore arrangert i oktober for 39. gong, men dette blei og avlyst på grunn av manglande kapasitet hos dei som styrer gruppa.

Landslagets friidrettskule skulle vera i haust og, men anleggsarbeidet hindra at dette blei realisert.

Volleyball har hatt eit damelag og eit ungdomslag for jenter i trening.

Covid-19 har avgrensa damelaget sitt høve til å trena slik dei ønskjer. Marie Dåvøy er framleis primus motor for damevolleyball, og ho gjer ein god jobb her.

Volleyballgruppa hadde eit jentelag (J 15) som ei treningsgruppe fram til sommaren. Her var Morten Mortvedt og Torbjørn Karlsen trenarar. Då mange flytta vekk for å gå på skule, klarte ein ikkje å oppretthalda dette tilbodet hausten 2021.

Volleyballgruppa var heldig i år, då me fekk støtte frå Sparebanken Vest og idrettsmidlar frå Austevoll Kommune til ei ballkanon. Denne er utruleg kjekk, og det skal bli mykje gøy med den framover.

Symjing - Året 2021 starta med at all trening blei stengt ned i 2 veker grunna koronaviruset. Heldigvis fekk me starta opp igjen etter desse vekene, og me har etter dette hatt tilgong på bassenget igjennom heile året.

I mars hadde mei 6 symjarar som var kvalifisert for LÅMØ, men LÅMØ blei utsett til september grunna smittefarene. Symjegruppa brukte denne utsetjinga godt, og klarte å få kvalifisert heile 8 jenter til LÅMØ, deriblant ein ny ung symjar, nemleg Ingvild Sandtorv (11 år).

Frå oktober 2020 fram til juni 2021 har det ikkje vore mogeleg å delta på stemner korkje på uapproberte eller approberte. Mange symjarar, spesielt i konkurransegruppene, har slete med motivasjonen når dei ikkje kunne delta i konkurransar. Det har dverre ført til et fråfall av symjarar. Dette er me veldig leie oss for, men symjegruppa har no ei yngre gruppe som har overteke, og denne er både stor og sterkt. Vi er veldig glade for den nye rekrutteringa.



Årsmelding Austevoll Idrettsklubb 2021

Det har dessverre ikkje blitt arrangert så mange uapproberte stemner, så på disse har ikkje symjegruppa fått delteke i år. Me håper på at dette vil endre seg til neste år.

På den approberte delen derimot har me fått delteke på mange sidan juni 2021 og ut året. Her har symjegruppa frå Austevoll verkeleg utmerka seg, og teke mange nye bragder.

Som tidlegare nemnt var det heile 8 jenter som kvalifiserte seg til LÅMØ, noko som er historisk for Austevoll. Vidare var det 3 jenter som kvalifiserte seg til ÅM (årmesteklasseskap). Mia Sørvik (14 år), Thea Våge (15 år) og Klara Nilsen (14 år), som då er blant dei 30 beste i sin årsklasse i HEILE Norge! Og som om det ikkje var nok, kvalifiserte heile 4 jenter seg til Nordsjøstemnet, eit stemne med høge, internasjonale krav, desse var Thea Våge, Mia Sørvik, Klara Nilsen og Silvia Hufthammer (14 år).

Og no heilt på tampen av 2021, har Klara Nilsen kvalifisert seg til UM (ungdommens norgesmeisterskap) på distansen 100 meter rygg! Det er ingen tvil no om at symjegruppa held eit veldig høgt nivå, mykje takka vere dedikerte trenarar som Odd Ivar og Anna Nilsen.

Symjegruppa har hatt 31 symjeinstruktørar og trenarar i vår, medan ved oppstart i haust endte vi på 37 stykk. Vi ønskjer å takke alle våre dyktige instruktørar og trenarar, som har lagt ned betydeleg innsats for å sørge for at undervisninga går mest mogeleg som normalt, på same tid som dei passar på at smittevernet er på plass.

Gruppa har hatt både livredningskurs og trenarkurs i Austevollbadet. Linn Benedicte Våge er leiar i symjegruppa og Annette H Tøkje jobbar som administrativ leiar, medan Geir Johannessen og Cathrine Nøttveit er med i styret. Alf Helge Møgster trakk seg ut av styret i haust, men er framleis instruktør og med oss der. Styret i symjegruppa ønskjer å takke Alf Helge for den enorme jobben han har lagt ned og gjort i alle desse åra sidan han starta opp gruppa saman med Mette Storebø i 2010.

Klatring– Klatreåret 2020 starta som normalt med trening både for store og små. Mykje kjekk aktivitet i gruppa med ivrige klatrarar i alle aldrar. Som i alle andre idrettar vart det full stopp i mars. Sidan me har mykje delt utstyr i klatregruppa, har det vore vanskeleg å starte opp igjen med tanke på godt smittevern.

Hell i uhell var at den ivrige klatraren Oda Årland frå Stolmen var heime i ein lengre periode i vår. Ho og fleire har utvikla fleire supre klatrefelt utandørs på Stolmen. No kan ein gå ein fin tur vest for Samson stykket og klatre heilt ytterst i havgapet. Området har både lette og vanskelege ruter, så her finn ein noko for alle. Ei fantastisk oppleveling å klatre rett ved storhavet.

På tross av eit år med lite organisert trening, så opplever klatregruppa ei stor auke i interesse for klatring. Born, ungdom, unge vaksne og godt vaksne er klare for eit nytt år med mykje aktivitet.

For å oppretthalde godt smittevern vart aktiviteten i 2021 vore omorganisert noko. Mindre faste grupper og mykje god klatring!

Badminton held fram med å vere eit svært populært tilbod i AIK. Dette synest styret i badmintongruppa er veldig gledeleg. Det kjem inn stadig nye utøvarar. Berre i haust har det starta 22 nye. Per i dag har gruppa 55 deltagarar. Desse er fordelt mellom 12 vaksne og 43 born og ungdom.



Årsmelding Austevoll Idrettsklubb 2021

Gruppa har til saman 4 treningar i veka. Til vanleg reiser dei på både lokale turneringar og landsturneringar. Nokre av utøvarane hevdar seg godt nasjonalt, og under ungdoms-NM i februar kom dei til kvartfinale både i damedouble og i mix.

Endeleg har gruppa sitt ynske gått i oppfylling. Dei har fått nytt golv i hallen og oppmerking av 7 baner. Dette har gjort ein stor forskjell i treningskvardagen. Med så mange utøvarar i sving er det viktig med tilgjengelege banar. Det har vore helt supert å trene på det nye golvet og i tillegg fekk me nytt lys i haust.

Slutten av førre sesong og i starten på denne har for badmintongruppa, som for alle andre, vore sterkt prega av verdssituasjonen. Covid-19-pandemien har ført til mange avlysingar av turneringar og ein lengre periode utan moglegheit for å kunne trene. No håper berre gruppa på at situasjonen skal roa seg, og at vår-sesongen kan by på mange gode og spanande kampar og turneringar.

For **Fotballgruppa** begynte året normalt med påmelding til serie og cupar. Det var stor aktivitet på anlegget og alle var klar for ein ny sesong.

Nokre lag var heldige og fekk delta på cupar før 12.mars kom, og alt stoppa opp. Plutseleg var det tomt på anlegget, og me gjekk ei usikker tid i vente.

Det blei verken seriespel eller cupar på vårsiden. Dei fleste lag begynte å trene igjen i april, men A-laget vårt som hadde rykka opp til 4.divisjon og B-laget fekk ikkje starte opp igjen med normal trening, og slik er status og den dag i dag.

Sommercuperen som fleire lag hadde glede seg til blei det heller ikkje noko av, og Stjernelaget som hadde glede seg stort til treningsleir i Danmark fekk denne avlyst.

Men treningskulturen og fotballgleda har heldigvis vore til stades i store deler av vår og sommaren, sjølv om det berre har vore treningsaktivitet.

Me er takknemleg for at me har så flotte og flinke trenarar som brukar store delar av fritida si på anlegga våre. Tusen takk for den flotte jobben de gjer!

Heldigvis fekk me arrangert fotballskule i veka før skolestart i august, og denne var som vanlig veldig populær.

I haust var me optimistiske og det vart oppstart av seriespel for barne- og ungdomsfotballen, og det var igjen full aktivitet og fotballglede på Eidsbøen. Dei fleste laga fekk gjennomført seriespelet før det blei stopp igjen i november. Dette gjorde også at fleire lag fekk ein tidlegare avslutning på året enn det dei ville.

Også fotballfritidsordninga starta opp igjen i haust, og med ei dobling av deltakarar. Dette et tilbod me er stolte av.

Covid-19 har også gjort at me ikkje har fått gjennomført dei tradisjonelle arrangementa som Austevollserien, sesongavslutningar og me fekk heller ikkje arrangert julecupen.

Tross denne uverkelege sesongen og året, så er me utruleg glad for at dei fleste av våre samarbeidspartnerar har hatt vilje og høve til å støtte oss i utfordrande tider.

Austevoll IK har mange medlemmar og målet er at alle skal trivast i klubben. Om ein berre vel å trenar eller om ein ønsker å satsa, skal det uansett vera plass til alle.



Årsmelding Austevoll Idrettsklubb 2021

Administrasjonen takkar alle frivillige og medlemmar for innsatsen og tolmodet i eit spesielt idrettsår. Me håpar og trur at idretten opnar att for fullt i 2022, slik at me igjen kan sjå eit fullt idrettsanlegg.

Storebø 07.03.2022

Morten Mortvedt

Leiar

Anne Berith Drønen

Dagleg leiar